



Møteprotokoll

Utval: Arbeidsutvalet

Møtestad: Telefonmøte

Dato: 29.1.2014

Tidspunkt: 09.00 – 10.15

Desse medlemmene møtte

Namn	Funksjon	Representerer
Jonny Liland	Nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	Medlem	Suldal kommune
Tarald Myrum	Leiar	Valle kommune
Oddmund Ljosland	Medlem	Åseral kommune
Oddlaug Tjomsland (til 9.45)	Medlem	Vest-Agder fk.

Frå administrasjonen møtte

Namn	Stilling
Tarjei Haugen	Områdeforvaltar
Alf Odden	Områdeforvaltar
Guro Södergran (til 10.00)	Områdeforvaltar
Mikkel Christensen	Områdeforvaltar

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i møteprotokollen, er i samsvar med det som vart vedtatt på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Jonny Liland (sign.)

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
AU 1/14	Godkjenning av saksliste og innkalling		2003/2670
AU 2/14	Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen		2003/2670
AU 3/14	Orienteringssaker		2003/2670
AU 4/14	Søknad frå Kristiansand Røde Kors om dispensasjon til øvingskøyning i SVR		2014/50
AU 5/14	Søknad frå Mandal Røde Kors om øvingskøyning i SVR		2013/5778
AU 6/14	Søknad frå Søgne Røde Kors om dispensasjon til øvingskøyning i SVR		2014/151
AU 7/14	Svar på øvingsplan/søknad om snøskuterkjøring i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde- Sandnes Røde Kors Hjelpekorps		2013/5789
AU 8/14	Svar på søknad/øvingsplan angående motoriert ferdsel i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Rovernes Beredskapsgruppe Rogaland		2014/167
AU 9/14	Norsk Folkehjelp Strand og Forsand - Søknad om dispensasjon til motorferdsle til øvingskjøring i Lusaheia og landskapsvernområde og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde		2014/168
AU 10/14	Norsk Folkehjelp Strand og Forsand - Søknad om dispensasjon til motorferdsle til øvingskjøring i Frafjordheiane landskapsvernområde		2014/168
AU 11/14	Stavanger Røde Kors Hjelpekorps - Søknad om dispensasjon til motorferdsle til øvingskjøring i Frafjordheiane landskapsvernområde		2014/469
AU 12/14	Søknad om dispensasjon til rivning av gammel fritidshytte og bygging av ny på samme stølstun i Udal i SVR - Åseral kommune, Edgar Sundbø		2013/4441
AU 13/14	Søknad om dispensasjon fra verneforskriften til utvidelse av driftshytte på Røddaugshommen i Åseral kommune - Tove Forgard og Bjarne Haugstad		2013/4908
AU 14/14	Søknad om dispensasjon til motorferdsel i samband med Sesilåmi 2014		2014/448
AU 15/14	Eventuelt		2003/2670

AU 1/14 Godkjenning av saksliste og innkalling

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Ingen merknader til sakliste og møteinnkalling

Vedtak

Sakliste og møteinnkalling vert godkjende.

Vedtaket var samrøystes.

AU 2/14 Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Jonny Liland vart foreslegen til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Jonny Liland vert vald til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

AU 3/14 Orienteringssaker

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Sekretariatet orienterte om desse sakene:

- Brev frå Miljøverndepartementet om preparering av løypa Hovden – Sloaros. Brevet er tidlegare sendt ut til orientering for styret. Departementet ber FMAA om å «utrede forslag til endring av verneforskriften» på dette punktet. AU bad om at sekretariatet tok kontakt med FMAA med sikte på å ta opp også andre mindre justeringar av forskrifta.
- Sekretariatet orienterte om at det er gjennomført planleggingsmøte for våren 2014 med gjennomgang og fordeling av arbeidsoppgåver internt.

Vedtak

AU tar orienteringane til etterretning.

Vedtaket var samrøystes.

AU 4/14 Søknad frå Kristiansand Røde Kors om dispensasjon til øvingskøyning i SVR

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Kristiansand Røde Kors dispensasjon til kjentmannsturar med snøskuter i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for inntil **to årlege** kjentmannsturar etter løypa Hovden - Sloaros - Holmevassbu.

Løyvet vert gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillete.
- For å unngå konflikhtar med brukarane av skiløypene mellom turisthyttane bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- Alle kjentmannsturane må gjennomførast seinast 24. april kvart år.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Løyvet gjeld til 24. april 2015.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet ynskte å ha med denne presiseringa i vedtaket:

Arbeidsutvalet viser til uttalen frå politiet, verneforskrifta og rundskrivet frå Miljøverndepartementet og avslår søknaden om kjentmannsturar til Haukei/Haukelisæter. Arbeidsutvalet viser til at rundskrivet frå departementet presiserer at øvingskøyninga skal vere "strengt nødvendig" og at forvaltingsmyndigheita for SVR heller ikkje har myndigheit til å gi løyve til køyning utanom verneområdet.

Vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Kristiansand Røde Kors dispensasjon til kjentmannsturar med snøskuter i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for inntil **to årlege** kjentmannsturar etter løypa Hovden - Sloaros - Holmevassbu.

Løyvet vert gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillete.
- For å unngå konflikhtar med brukarane av skiløypene mellom turisthyttane bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- Alle kjentmannsturane må gjennomførast seinast 24. april kvart år.

- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Løyvet gjeld til 24. april 2015.

Arbeidsutvalet viser til uttalen frå politiet, verneforskrifta og rundskrivet frå Miljøverndepartementet og **avslår** søknaden om kjentmannsturar til Haukeli/Haukelisæter. Arbeidsutvalet viser til at rundskrivet frå departementet presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og at forvaltingsmyndigheita for SVR heller ikkje har myndigheit til å gi løyve til kjøring utanom verneområdet.

Vedtaket var samrøystes.

AU 5/14 Søknad frå Mandal Røde Kors om øvingskjøring i SVR

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Mandal Røde Kors dispensasjon til kjentmannsturar med snøskuter i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for **to årlege** kjentmannsturar etter **kvar** av desse løypene:

- Ljosland – Lordehytta – Knaben
- Ljosland – Lakkenstova
- Ljosland – Pytten – Gaukhei - Josephsbu

Løyvet vert gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane til Lakkenstova, Pytten, Gaukhei og Josephsbu skal gå etter stikka vinterløyper.
- Kjentmannsturane til Lordehytta – Knaben skal samordnast med hjelpekorpsset som er stasjonert på Knaben og må gjennomførast på same tid som desse har øving.
- Kjentmannsturane til Pytten – Gaukhei – Josephsbu skal samordnast med Søgne Røde Kors som er stasjonert på Bortelid og må gjennomførast på same tid som dei har øving.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillete.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- For å unngå konflikter med brukarane av skiløypene bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Alle kjentmannsturane må avsluttast seinast 30. april kvart år.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Løyvet gjeld til 30. april 2015.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka og ynskte å ha med denne presiseringa:

Arbeidsutvalet viser til uttalen frå politiet, verneforskriftene og rundskrivet frå Miljøverndepartementet og **avslår** søknaden om kjentmannsturar til Øyuvsbu og

Kvinen. Arbeidsutvalet viser til at rundskrivet frå departementet presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og at politiet i sin uttale anbefaler at både talet på turar og strekninga vert redusert.

Vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Mandal Røde Kors dispensasjon til kjentmannsturar med snøskuter i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for **to årlege** kjentmannsturar etter **kvar** av desse løypene:

- Ljosland – Lordehytta – Knaben
- Ljosland – Lakkenstova
- Ljosland – Pytten – Gaukhei - Josephsbu

Løyvet vert gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane til Lakkenstova, Pytten, Gaukhei og Josephsbu skal gå etter stikka vinterløyper.
- Kjentmannsturane til Lordehytta – Knaben skal samordnast med hjelpekorpsset som er stasjonert på Knaben og må gjennomførast på same tid som desse har øving.
- Kjentmannsturane til Pytten – Gaukhei – Josephsbu skal samordnast med Søgne Røde Kors som er stasjonert på Bortelid og må gjennomførast på same tid som dei har øving.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillete.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- For å unngå konflikter med brukarane av skiløypene bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Alle kjentmannsturane må avsluttast seinast 30. april kvart år.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Løyvet gjeld til 30. april 2015.

Arbeidsutvalet viser til uttalen frå politiet, verneforskriftene og rundskrivet frå Miljøverndepartementet og **avslår** søknaden om kjentmannsturar til Øyuvsbu og Kvinen. Arbeidsutvalet viser til at rundskrivet frå departementet presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og at politiet i sin uttale anbefaler at både talet på turar og strekninga vert redusert.

Vedtaket var samrøystes.

AU 6/14 Søknad frå Søgne Røde Kors om dispensasjon til øvingskjøring i SVR

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Søgne Røde Kors dispensasjon til kjentmannsturar med snøskuter i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for inntil **to årlege** kjentmannsturar etter løypa Bortelid – Gaukhei - Josephsbu - Pytten.

Løyvet vert gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper.
- Kjentmannsturane skal samordnast med Mandal Røde Kors og må gjennomførast på same tid som dei har øving.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillete.
- For å unngå konflikhtar med brukarane av skiløypene bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- Alle kjentmannsturane må avsluttast seinast 30. april kvart år.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Løyvet gjeld til 30. april 2015.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka og ynskte å ha med denne presiseringa:

Arbeidsutvalet viser til verneforskrifta, rundskrivet frå departementet som presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og at politiet i sin uttale anbefaler inntil to kjentmannsturar.

Vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova får Søgne Røde Kors dispensasjon til kjentmannsturar med snøskuter i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for inntil **to årlege** kjentmannsturar etter løypa Bortelid – Gaukhei - Josephsbu - Pytten.

Løyvet vert gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper.
- Kjentmannsturane skal samordnast med Mandal Røde Kors og må gjennomførast på same tid som dei har øving.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillete.
- For å unngå konflikhtar med brukarane av skiløypene bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- Alle kjentmannsturane må avsluttast seinast 30. april kvart år.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Løyvet gjeld til 30. april 2015.

Arbeidsutvalet viser til verneforskrifta, rundskrivet frå departementet som presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og at politiet i sin uttale anbefaler inntil to kjentmannsturar.

Vedtaket var samrøystes.

AU 7/14 Svar på øvingsplan/søknad om snøskuterkjøring i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde- Sandnes Røde Kors Hjelpekorps

Forvalters innstilling

1. I henhold til § 48 i Naturmangfoldloven og § 3, punkt 5.3 a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde får Sandnes Røde Kors Hjelpekorps dispensasjon til kjentmannskjøring med snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjelder for **to årlige kjentmannsturer** til hvert av disse områdene:

- Ådneram-Taumevatn-Storevatn-Kringlevatn- Litle Aurådalen-Grautheller-Ådneram.
 - Ådneram- Taumevatn-Grønappasset- Gofartdalen-Ådneram.
2. I henhold til §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Sandnes Røde Kors Hjelpekorps løyve til å bruke snøskuter til kjentmannsturer i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjelder for **to årlige kjentmannsturer** etter denne ruten:

- Sinnes-Degvass-Mangerne- Sandvatn-Lortabu

Løyvene gjelder frem til 30.04.2015 og gjelder for inntil fire snøskutere.

Løyvene blir gitt etter disse vilkårene:

- Kjentmannsturene skal gå etter kvistet vinterløype.
- Utover dette er patruljering av de stikka løypene ikke tillat.
- Kjentmannsturene skal varsels, gjennomføres og rapporteres etter retningslinjene fra Miljøverndepartementet.
- Kjentmannsturene fra Ådneram skal samordnes med Rovernes Beredskapsgruppe og må gjennomføres på samme tid som de har øving.
- Alle kjentmannsturene må avsluttas før 30.april hvert år.
- For å unngå konflikt med turfolk som bruker DNTs kvistet løype, skal en så langt som mulig unngå at kjentmannsturer blir gjennomført i vinter og påskeferie.
- Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Det blir **gitt avslag** på søknad om kjentmannskjøring fra Haugen til Øyuvbu- Håheller og Suleskard.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka og kom fram til at den burde utsettast.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte i AU.

Vedtaket var samrøystes.

AU 8/14 Svar på søknad/øvingsplan angående motoriert ferdsel i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Rovernes Beredskapsgruppe Rogaland

Forvalters innstilling

3. I henhold til § 48 i Naturmangfoldloven får Rovernes Beredskapsgruppe Rogaland dispensasjon til kjentmannskjøring med snøskuter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjelder for **to årlige kjentmannsturer** til hvert av disse områdene:

- Ådneram-Taumevatn-Storevatn-Kringlevatn- Litle Aurådalen-Grautheller-Ådneram.
- Ådneram- Grauthellar- Storevann- Taumevatn- Ådneram.
- Ådneram- Børsteinen- Langavatn-Ådneram.

Løyvene gjelder frem til 30.04.2015 og gjelder for inntil fire snøskutere.

Løyvene blir gitt etter disse vilkårene:

- Kjentmannsturene skal gå etter kvistet vinterløype.
- Utover dette er patruljering av de stikka løypene ikke tillat.
- Kjentmannsturene skal varsels, gjennomføres og rapporteres etter retningslinjene fra Miljøverndepartementet.
- Kjentmannsturene fra Ådneram og videre nordover skal samordnes med Sandnes Røde Kors Hjelpekorps og må gjennomføres på samme tid som de har øving.
- Alle kjentmannsturene må gjennomføres før 30.april hvert år.
- For å unngå konflikt med turfolk som bruker DNTs kvistet løype, skal en så langt som mulig unngå at kjentmannsturer blir gjennomført i vinter og påskeferie.
- Andre vilkår fremgår av standard løyve.

Det blir **gitt avslag** på søknad om kjentmannskjøring rundt Rosskreppfjorden og det blir **gitt avslag** på omsøkt kjørerute via Grautheller fra Langavatn.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka og kom fram til at den burde utsettast.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte i AU.

Vedtaket var samrøystes.

AU 9/14 Norsk Folkehjelp Strand og Forsand - Søknad om dispensasjon til motorferdsle til øvingskjøring i Lusaheia og landskapsvernområde og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 2 i Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde, kapittel III, kapittel IV, punkt 5.1, bokstav a i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde og §48 i naturmangfaldlova, får Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand løyve til å bruke snøskuter til kjentmannsturar i Lusaheia landskapsvernområde og Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for ein årleg kjentmannstur etter denne ruta:

- Nilsebu - Storådalen til Krumsåkelven, samt område mellom Heiafjellet og Heimra Tverrfjellet

Løyvet gjeld for ein kjentmannstur kvart andre år etter kvar av desse rutene:

- Nilsebu – Storådalen – Eidavatn
- Nilsebu – Storådalen – Sandvatnet – Tyskebotnvatnet – Litle Aurådal

Løyve gjeld og inntil 6 turar i samband med tilsyn med radiosendaren på Heiafjellet. Eventuelle turar til Kleggjadalen kan kjørast etter same rute gjennom verneområde, dersom dei samordnast med tilsyn av radiosendaren på Heiafjellet.

Løyve gjeld fram til 30.04.2015 og gjeld for inntil 6 snøskutarar.

Etter løyveperioden skal det saman med Norsk Folkehjelp og Politiet vurderast om kjentmannsturar til Eidavatn og Litle Aurådal kan seiast å være naudsyn øvingsverksemd.

Løyvet blir gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper der slike finnst.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillate.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- Alle kjentmannsturane må gjennomførast seinast 30 april kvart år.
- For å unngå konflikhtar med brukarane av skiløypene mellom turisthyttane bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 10/14 Norsk Folkehjelp Strand og Forsand - Søknad om dispensasjon til motorferdsle til øvingskjøring i Frafjordheiane landskapsvernområde

Forvalters innstilling

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand løyve til å bruke snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for ein årleg kjentmannstur etter kvar av desse rutene:

- Dam Akslaråttjørna – Langevatn – Sandvatn – Blåfjellenden etter ruta for Stavanger turistforening sine kvista løyper mellom desse turisthyttene. Kjentmannsturen omfattar og kjøring frå Fylkesveg 500 ved Grøneknuten til Børsteinen turisthytte, samt ein avstikkar mot Kjerag frå Dam Akslaråttjørna.
- Vindalen – Stora Flørlivatn

Løyve gjeld og tilsyn med radiosendaren på Varmekroheia etter behov.

Løyve gjeld fram til 30.04.2015 og gjeld for inntil fire snøskutarar

Løyvet blir gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper der slike finnes.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillate.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterst etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- Alle kjentmannsturane må gjennomførast seinast 30 april kvart år.
- For å unngå konflikter med brukarane av skiløypene mellom turisthyttane bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Det blir ikkje gjeve løyve til desse omsøkte kjørerutene:

- Langavatn – Krokavassheia
- Langavatn – Blåfjellenden gjennom Blåstøldalen
- Blåstøldalen – Øvra Flørlivatn
- Avstikkarar frå ruta Vinddalen – Stora Flørlivatn

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka og ynskte å endre siste avsnitt i forslaget slik:

*Arbeidsutvalet viser til uttalen frå politiet, verneforskrifta og rundskrivet frå Miljøverndepartementet som presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og **avslår** på denne bakgrunn søknaden om kjentmannsturar etter desse køyrerutene:*

- *Langavatn – Krokavassheia*
- *Langavatn – Blåfjellenden gjennom Blåstøldalen*
- *Blåstøldalen – Øvra Flørlivatn*
- *Avstikkarar frå ruta Vinddalen – Stora Flørlivatn*

Vedtak

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand løyve til å bruke snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for ein årleg kjentmannstur etter kvar av desse rutene:

- *Dam Akslaråttjørna – Langevatn – Sandvatn – Blåfjellenden etter ruta for Stavanger turistforening sine kvista løyper mellom desse turisthyttene. Kjentmannsturen omfattar og kjøring frå Fylkesveg 500 ved Grøneknuten til Børsteinen turisthytte, samt ein avstikkar mot Kjerag frå Dam Akslaråttjørna.*
- *Vindalen – Stora Flørlivatn*

Løyve gjeld og tilsyn med radiosendaren på Varmekroheia etter behov.
Løyve gjeld fram til 30.04.2015 og gjeld for inntil fire snøskutarar

Løyvet blir gjeve med desse vilkåra:

- *Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper der slike finnes.*
- *Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillate.*
- *Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.*
- *Alle kjentmannsturane må gjennomførast seinast 30 april kvart år.*
- *For å unngå konflikhtar med brukarane av skiløypene mellom turisthyttane bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.*
- *Andre vilkår går fram av standard løyve.*

*Arbeidsutvalet viser til uttalen frå politiet, verneforskrifta og rundskrivet frå Miljøverndepartementet som presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og **avslår** på denne bakgrunn søknaden om kjentmannsturar etter desse køyrerutene:*

- *Langavatn – Krokavassheia*
- *Langavatn – Blåfjellenden gjennom Blåstøldalen*
- *Blåstøldalen – Øvra Flørlivatn*
- *Avstikkarar frå ruta Vinddalen – Stora Flørlivatn*

Vedtaket var samrøystes.

AU 11/14 Stavanger Røde Kors Hjelpekorps - Søknad om dispensasjon til motorferdsle til øvingskjøring i Frafjordheiane landskapsvernområde

Forvalters innstilling

I medhald av §2, §3, punkt 5.1 og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Stavanger Røde Kors Hjelpekorps løyve til å bruke snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for to årlege kjentmannsturar etter kvar av desse rutene:

- Høgaleite - Blåfjellenden
- Høgsleite – Sandvatn - Lortebu
- Høgaleite – Langavatn. Turane til Langavatn kan forlengast til Varmekro om det er behov. Her skal kjøreruta gå raskaste veg ut av verneområde.

Løyve gjeld fram til 30.04.2015 og gjeld for inntil 4 snøskutarar

Løyvet blir gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillete.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterst etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- Alle kjentmannsturane må gjennomførast seinast 30 april kvart år.
- For å unngå konflikta med brukarane av skiløypene mellom turisthyttane bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Det blir ikkje gjeve løyve til kjøring i Fidjadalen og Blåstøldalen.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet drøfta saka og ynskte å endre siste avsnitt i forslaget slik:

*Arbeidsutvalet viser til uttalen frå politiet, verneforskriftene og rundskrivet frå Miljøverndepartementet og **avslår** søknaden om kjentmannsturar til kjøring i Fidjadalen og Blåstøldalen. Arbeidsutvalet viser til at rundskrivet frå departementet presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og at politiet uttaler at behovet er størst etter dei merka vinterløypene.*

Vedtak

I medhald av § 2, § 3, punkt 5.1 og § 3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, får Stavanger Røde Kors Hjelpekorps løyve til å bruke snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Løyvet gjeld for to årlege kjentmannsturar etter kvar av desse rutene:

- Høgaleite - Blåfjellenden

- Høgsleite – Sandvatn - Lortebu
- Høgaleite – Langavatn. Turane til Langavatn kan forlengast til Varmekro om det er behov. Her skal kjøreruta gå raskaste veg ut av verneområde.

Løyve gjeld fram til 30.04.2015 og gjeld for inntil 4 snøskutarar

Løyvet blir gjeve med desse vilkåra:

- Kjentmannsturane skal gå etter stikka vinterløyper.
- Ut over dette er patruljering av dei stikka løypene ikkje tillete.
- Kjentmannsturane skal varslast, gjennomførast og rapporterast etter retningslinjene frå Miljødepartementet.
- Alle kjentmannsturane må gjennomførast seinast 30 april kvart år.
- For å unngå konflikhtar med brukarane av skiløypene mellom turisthyttane bør ein så langt det er mogleg unngå at kjentmannsturane blir gjennomført i vinterferien eller påskeferien.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Arbeidsutvalet viser til uttalen frå politiet, verneforskriftene og rundskrivet frå Miljøverndepartementet og **avslår** søknaden om kjentmannsturar til kjøring i Fidjadalen og Blåstøldalen. Arbeidsutvalet viser til at rundskrivet frå departementet presiserer at øvingskjøringa skal vere "strengt nødvendig" og at politiet uttaler at behovet er størst etter dei merka vinterløypene.

Vedtaket var samrøystes.

AU 12/14 Søknad om dispensasjon til rivning av gammel fritidshytte og bygging av ny på samme stølstun i Udal i SVR - Åseral kommune, Edgar Sundbø

Forvalters innstilling

Med medhold i § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfold, og med støtte i forvaltningsplan for SVR landskapsvernområde og *Byggerettleiar for SVR*, får Edgar Sundbø dispensasjon fra verneforskriften til å rive eksisterende hytte og bygge ny etter omsøkt plan i SVR LVO på gnr. 2, bnr. 15 i Åseral kommune.

Dispensasjon gis med følgende vilkår:

- Hytta skal ikke være større enn prosjektert i plantegning datert 22.8.2013 og sendt inn fra søker 19.9.2013.
- Mønehøyde skal ikke overgå 4,55 meter og gesimshøyden skal ikke overgå 3,2 meter.
- Hyttas utforming, materialvalg og farge skal være i tråd med retningslinjene i *Byggerettleiar for SVR*.
- Byggearbeidet skal foregå så skånsomt som mulig.
- Alt avfall fra byggearbeidet skal fjernes i henhold til gjeldende regler og standarder.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggematerialer, utstyr og avfall.
- Byggearbeidet må være ferdig innen 1.1.2017.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 13/14 Søknad om dispensasjon fra verneforskriften til utvidelse av driftshytte på Røddaugshommen i Åseral kommune - Tove Forgard og Bjarne Haugstad

Forvalters innstilling

Med medhold i kapittel IV punkt 1.3 c i *forskrift om vern av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde* gis Tove Forgard og Bjarne Haugstad dispensasjon til å utvide eksisterende driftshytte på gnr.1 bnr. 2 i Åseral kommune til 48,5 m² bebygd areal (BYA), etter omsøkt plan. Tillatelsen gis med følgende vilkår:

- Tiltaket og det ferdige bygget skal ikke være større enn prosjektert i plantegning datert 7.6.2013 og oversendt til forvaltningssekretariatet 7.10.2013.
- Utformingen av den nye delen skal være i tråd med retningslinjene i *Byggerettleiar for SVR*.
- Byggearbeidet skal foregå så skånsomt som mulig.
- Alt avfall fra byggearbeidet skal fjernes i henhold til gjeldende regler og standarder.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggematerialer, utstyr og avfall.
- Byggearbeidet må være ferdig innen 1.1.2016.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 14/14 Søknad om dispensasjon til motorferdsel i samband med Sesilåmi 2014

Forslag til vedtak

I medhald av § 48 i Naturmangfaldlova gjev verneområdestyret løyve til å gjennomføre turrennet Sesilåmi 2014 og nødvendig motorferdsle i samband med arrangementet.

Løyvet er gjeve med desse vilkåra:

- Løyvet gjeld berre motorisert ferdsel som er heilt nødvendig i samband med arrangementet. All ferdsel skal gå langs løypetraseen.
- Køyring - utanom grunnpreparering og oppkøyring av sporet - skal tidlegast skje dagen før rennet.
- Grunnpreparering av løypa kan gjennomførast ein gong per veke i vekene 9,10 og 11.
- Oppkøyring av spor skal konsentrerast til veke 12.
- Statens naturoppsyn skal kontaktast før gjennomføring av arrangementet for informasjon om kvar villreinen står i området. Arrangøren må tilpasse aktiviteten så godt som råd etter desse opplysningane.
- Alle som køyrer på oppdrag for Sesilåmi skal ha med løyve. Arrangørane er ansvarlig for fordeling av løyve til den enkelte snøskuter/prepareringsmaskin.
- Arrangøren er ansvarleg for opprydding og fjerning av løypemerke i etterkant av rennet. Søppel og anna avfall skal ikkje brennast, men fraktes ned frå heia.
- Denne oppryddinga skal gjerast same dag som rennet vert avvikla.
- Andre vilkår går fram av standard løyve.

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Handsaming i møtet

Arbeidsutvalet diskuterte saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 15/14 Eventuelt

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 29.1.2014

Neste møtet i Arbeidsutvalet vart avtalt til tysdag 18. februar kl. 13.30 – 14.00. Dette vert og eit telefonmøte.